



Einar Terje Tveranger
Skarsvegen 416
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1774 - 18/18739

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
11.06.2018

Melding om feil på avlaupsanlegg - gbnr 146/41 Fosse ytre

Lindås kommune har 07.06.2018 motteke melding frå føretaket Norva 24 -Birkeland om dårlig lokk på septiktank på eigedommen gbnr. 146/41.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 28-6 at «Basseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem». Kravet her gjeld alle opne behaldarar for væske.

Det er eigar sitt ansvar å sørga for at septiktanken til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårlig sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen. Lokk på kum må vera utført i solide materialer og vere så tett at ikkje barn kan komme igjennom det. Det må og vere forsynt med forsvarlig lås eller annet stengsel, slik at det ikke lett kan løftes av eller skuvast til side.

I plan- og bygningsloven (pbl) § 31-3 står det blant annet følgende om sikring og istandsetting:

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene. Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting.»

Septiktanken må sikrast umiddelbart og forsvarleg lokk må monterast. Frist for arbeidet vert sett til 09.07.2018.

Forhåndsvarsle om pålegg om sikring og istandsetting:

samsvar med pbl § 32-2 første ledd, vert det med dette gjeve varsel om at bygningsstyresmakta med heimel i pbl § 31-3, vil kunne gjera vedtak om pålegg om sikring av septiktanken ikkje vert utført innan fastsett frist.

Førehandsvarsle om vedtak om tvangsmulkt



Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å sikra septiktanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når det er montert forsvarleg lokk på septiktanken må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen, ved skjemaet skal det og ligge biletet som syner at det er montert lokk. Skjema og biletet sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Einar Terje Tveranger

Skarsvegen 416 5911

ALVERSUND



LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

TILBAKEMELDING OM UTFØRT ARBEID

Skjemaet skal sendast straks etter at avløpsleidningen(avløpsanlegget) er utbetra til:
postmottak@lindas.kommune.no eller til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

ArkivsakID: 18/1774

Gbnr: 146/41

Adresse:

Tiltak: Velg

Eigar/styrar/festar:

Skal fyllast ut av eigaren av anlegg/leidning:

Kort utgreiing om arbeidet:	
Arbeidet er utført av:	
Stad og dato:	Underskrift:

Vedlegg: Fotodokumentasjon på utført arbeid